



F R A E N A K O M M U N E

R E G U L E R I N G S F Ø R E S E G N E R F O R

R E G U L E R I N G S P L A N

V A R H O L I N D U S T R I O M R Å D E

Det regulerte området er i planen vist med reguleringsgrenser.

Arealbruken innan planen er inndelt i følgjande reguleringsføremål:

1. **Byggeområde**
 - Industri
2. **Trafikkområde**
 - Køyrebane, grøfter, trafikkareal
 - Parkeringsplassar
 - Gangvegar, fortau
3. **Friområde**
 - Park
4. **Fellesføresegner**

§ 01 BYGGEOMRÅDE

1.1 Industriområda

- 1.1.1 Innanfor industriområda kan arealet delast opp etter dei behov som dei einskilde verksemdene måtte ha og etter grenser som i kvart einskild høve skal godkjennast av bygningsrådet. Parsellane skal ha ei mest mogeleg regelmessig form.
- 1.1.2 Anlegga si art, utforming og plassering skal i kvart høve godkjennast av bygningsrådet, som kan fastsetje at verksemder som ein har grunn til å tru ville føre med seg særlege ulemper, kan visast til bestemte deler av arealet, eller til andre industriområde.

- 1.1.3 Der industriområde støyter opp til bustadområde eller gardsbruk vert det ikkje tillate anlegg som ved lukt, røyk eller støy kan verke sjenerande.
- 1.1.4 Bygningane skal oppførast som branngodkjennede bygningar. Bygningsrådet har høve til å godkjenne andre byggemåtar når dette ikkje er i strid med byggeføresegnene, og særlege grunnar talar for det.
- 1.1.5 Bygningane skal ikkje vere høgre enn 9,5 m over gjennomsnittleg opphavelig terrenge.
- 1.1.6 Høgste utnyttingsgrad er sett til BYA= 50%. Parkeringsplassar skal reknast med i BYA. Den ubebygd delen av tomta skal opparbeidast på tilfredstillande måte og skal så vidt mogeleg parkmessig behandlast.
- 1.1.7 Det må ikkje plantast slik at det blir til ulykke for den offentlege ferdsla.
- 1.1.8 I samband med byggemelding skal det leverast situasjonsplan som viser korleis bygningar kan utvidas og korleis ubebygde område skal opparbeidast.
- 1.1.9 I industriområde vert det ikkje tillate oppført bustadbygg. Bygningsrådet kan gjere unntak for vaktmeisterleilegheit o.l., dersom helserådet samtykkjer.
- 1.1.10 Inngjerding av tomtene må meldast til bygningsrådet som skal godkjenne gjerda si plassering, høgd, konstruksjon og farge.

1.2 Parkering

Kvar verksemnd skal på eigen grunn ha minst 1 oppstillingsplass for ein bil pr. 100 m² golflate produksjonslokale.

§ 02 TRAFIKKOMRÅDE

2.1 KØYREBANE

Reguleringsline for ytterkant veg er yttergrense for vegmark. Nødvendig areal til skjering og fylling kjem på tomtemark.

2.2 Gangvegar, fortau

Det er i planen regulert inn ein del gangvegar.

Bygningsrådet kan i særskilde høve tillate at gangvegar blir nytta som adkomstveg.

2.3

Det er i planen vist minimum grense for fri sikt i kryss. Innanfor desse grensene skal det ikkje plantast, fyllast eller plasserast noko på ein slik måte at fri sikt vert hindra (over 0,5 m).

§ 03 FRIOMRÅDE

Friområda skal opparbeidast og handsamast etter særskilde planer godkjente av bygningsrådet.

§ 04 FELLESFØRESEGNER

- 4.1** Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til bygningslova og byggeføresegnene og dei gjeldande bygningsvedtekten for kommunen.

Det er ikkje tillate ved private servituttar å etablere tilhøve som er i strid med reguleringsføresegnene.

- 4.2** Unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast **av** bygningsrådet.
- 4.3** Alle unntak må vere innan ramma av bygningslova og bygningsvedtekten for kommunen.

Nytt forslag